

Utstillarreglar for Norsk Frukt- og Laksefest

1. Søknadsfrist er 21.juni. Du får bekrefting om du har fått plass eller ikkje innan ca 2 veker etter at fristen er gått ut. Faktura på standleiga vert sendt ut i byrjinga av juli. Etter at plassen er bekrefta er påmeldinga bindande og standleiga vil verta innkrevd i sin heilhet. Unntak ved sjukdom (legeattest må framleggast) og dersom me finn ein annen utstillar som fyller kriteria for deltaking.
2. Kun varer/produkt som er påmeldt kan visast på utstillinga. For utstillarar som sel matvarer må salsinnretningar og vareutval vera godkjend av mattilsynet i bustadkommunen. Godkjenningsbevis skal takast med og visast ved eventuell inspeksjon.
3. I tillegg til kvalitet på produkta, ynskjer vi å prioritera mangfaldet innafor oppdrettsnæringa, fruktnæringa, landbruksnæring, husflid, kunst og handverk. Ved uttak av utstillarar prioriterer arrangøren desse. Arrangøren kan og, etter ei samla vurdering, ta inn andre deltakarar.
4. Organisasjonar som ynskjer å selja lodd under festen, må søke om løyve minst 30 dagar før arrangementet. Godkjenning frå lensmann/politi må ligge ved søknaden.
5. Det er ikkje tillat å dele ut reklamemateriell o.l. som ikkje refererer seg til varene som deltek på festen.
6. Standsplass/serveringsplass skal være betjent når festivalen er åpen for publikum og **skal ikkje demonterast** før festivalen er avslutta kl.16.00. Brot på denne regel vil medføre ekstra gebyr på kr. 1000,- Utstillar har òg ansvar for å rydde standplass etter seg.
7. Arrangørane sørgjer for reinhald av innan- og utandørs publikumsareal. Reinhold av standplass under festivalen er utstillarane sitt ansvar. Det vert satt opp søppelspann på heile området.
8. Arrangørane sørgjer for vanleg vakthald frå montering kan begynne til demontering skal være avslutta, men tek ikkje ansvar for utstilte varer og eventuelt utstyr. Utstillarane må sjølv sørgje for å dekke nødvendige forsikringar. Patruljerande vakt i Vågen frå fredag kl.2200 til laurdag kl.0800.
9. Når utstillingen er demontert skal standplass leverast rydda og fri for dekorasjonar, spiker o.l. Utstillar er ansvarlig for eventuelle skader utover vanlig slitasje.
10. Alle utstillarar er bundet av dette reglementet. Arrangør avgjer med bindande verknad tvistar om forståing av reglementet.
11. All ferdsel på utstillingsområdet og tilgrensande areal skjer i samsvar med retningslinjer for trafikkregulering fastsett av arrangøren. Det kan berre parkerast på tilviste plasser.
12. Demonstrasjonar, utdeling av vareprøvar, bruk av film, lydbånd, video o.l. må meldast frå om til festivalnemnda på førehand. Bruk av tale/sangforsterkarar, annonsering av varer/tilbod over høgtalar på standen er ikkje tillete.
13. Arrangøren tek undan rett til å avlyse festivalen eller deler av denne dersom det syner seg uråd å gjennomføre tilskipinga på grunn av t.d. force majeure, krig, terroråttak, brann, vasskade, eller ved større skader på bygningar eller tekniske skader på utstillingsområdet og enkeltstandar. Ved avlysing i samsvar med desse punkta i utstillingsreglane, skriv arrangøren frå seg ansvar overfor utstillarane som følgje av avlysinga. Marknadsnemnda er ikkje pliktig å betala attende leige som er betalt inn på førehand.

Velkommen til Norsk Frukt- og Laksefest!